



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3490 - 15/31961

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.10.2015

Løyve til tiltak - avlaupsanlegg på gbnr 140/13 Erstad.

Administrativt vedtak. Saknr: 450/15

Tiltakshavar: Astrid og Oddvar Malt
Ansvarleg søkjar: Stendal VVS AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av avlaupsanlegg for bustad på eigedomen gbnr 140/13. Det er i vedtak datert 05.10.2015 gitt utsleppsløyve til biologisk/kjemisk reinseanlegg. Utsleppet frå reinseanlegget skal førast gjennom eksisterande leidning for gråvatn til bekk med heilårs vassføring på naboeigedomen.

Det vert elles vist til søknad motteke 03.08.2015, supplert 12.10.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 12.10.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå 03.08.2015.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål med spreidd bustadbygging. Avlaupet frå reinseanlegget skal førast til utmark/bekk i område som er avsett til LNF-føremål.

Administrasjonen vurderer at tiltaket slik det er søkt om, ikkje er i strid med arealføremålet og at det ikkje vil setja omsynet til LNF-føremålet til side. Det er lagt til grunn for vurderinga at det skal nyttast eksisterande avlaupsleidning for gråvatn og at tiltaket ikkje vil gje varige spor i naturen eller vil vanskeleggjera ei gjennomføring av gjeldande plan, jf skriv frå KMD datert 10.06.2015. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 03.08.2015.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Avlaupet frå reinseanlegget skal førast til bekk på gbnr 139/72 gjennom eksisterande utsleppsleidning for gråvatn. Det ligg føre avtale med rett til å leggja delar av anlegget over gbnr 139/72. Administrasjonen vil tilrå at avtalen vert tinglyst.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Stendal VVS AS**, org.nr. 98026180, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**, **prosjekterande (PRO)** og **utførande (UTF)** for tiltaket.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekkjer ansvarsområdet.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av avlaupsanlegg på gbnr 140/13 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 03.08.2015, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1, jf SAK § 9-3.
3. Tiltaket skal utførast i samsvar med utsleppsløyve i vedtak datert 05.10.2015.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Stendal VVS AS	98026180	S	1	Montering av reinseanlegg med gravearbeid
PRO	Stendal VVS AS	98026180	S	1	Montering av reinseanlegg med gravearbeid
UTF	Stendal VVS AS	98026180	S	1	Montering av reinseanlegg med gravearbeid

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3490

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest senda oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisera attståande arbeid, stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

